

Modalen kommune  
Postboks 44  
5729 MODALEN

**Vår dato:** 22.06.2023

**Vår ref.:** 202308919-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 23/71 - 23/1480

## **NVE si fråsegn på søknad om mudring i utlaupet av Modalselva i Modalen kommune**

Vi viser til førespurnaden dykkar av 26.05.2023.

### **Bakgrunn for tiltaket**

Ved utlaupet i Mofjorden har det bygd seg opp ein sand/steinbanke med sediment frå elva. Tiltakshavar meiner at avsetningane no er av eit så stort omfang at det både hindrar båttrafikk til kai og småbåtbrygge.

For å hindre vidare oppbygging av sediment ynskjer tiltakshavar å mudre arealet der avsetninga ligg for å gje ei gjennomsnittsdjupn på 3 meter. Arealet som er planlagt å mudre er om lag 380 m<sup>2</sup>, noko som resulterer i ca. 9500 m<sup>3</sup> masse.

Føremålet som er oppgjeve er å hindre vidare oppbygging av sediment, betre tilgang for båttrafikk og redusere framtidig flaumfare i Mo sentrum.

Tiltaket er planlagt utført ved sugemudring frå båt der massen vert lossa på Modalen kommune si kai på Otterstadsida (nordsida av fjorden). Kommunen er i kontakt med grunneigarar som treng massane for å avslutte masseuttak i samsvar med vilkår sett i konsesjonen.

Det er planlagt å utføre tiltaket sommar eller vinter ved låg vassføring. Tiltakshavar er klar over verdien til elvedelta og vil unngå tiltak i elva mai/juni av omsyn til smoltvandringa.

### **NVE si vurdering**

NVE vurderer tiltaket opp mot § 8 i vassressurslova; «*Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten*».

### **NVE vurderer planane slik dei er lagt fram til ikkje å krevje noko ytterlegare behandling etter reglane i vassressurslova.**



### **Viktig informasjon for deg som planlegg tiltak i vassdrag**

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant regelverk, for eksempel plan- og bygningslova og lakse- og innlandsfisklova. Viss det er behov for å fjerne kantvegetasjon må de søke til Statsforvaltaren om dispensasjon frå vassressurslova § 11.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interesser som følgjer av tiltaket.

Med helsing

Ronny Løland  
Senioringeniør

Godkjent av Aart Verhage  
Sjefingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

#### **Mottakarliste:**

Modalen kommune

#### **Kopimottakarliste:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE